Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm: 57 65 26 13
Telefon SFO: 99 57 88 58

# Vekeplan for 2. steg
# veke 35

| | | MÅNDAG 28/8 | TYSDAG 29/8 | ONSDAG 30/8 | TORSDAG 31/8 | FREDAG 1/9 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 08.50-09.35 | Norsk | Tema: Leik og trivsel | Klassens time  | Matte | Aktivitetsdag 1.-4.steg<br>Hugs å ha klede som er gode å bevege seg i.  |
| 2 | 09.35-10.20 | Samfunnsfag | | | Tema: Leik og trivsel | |
| 3 | 10.35-11.30 | Skulen les | Norsk | Stasjonar  | | |
| 4 | 12.00-12.45 | Tema: Leik og trivsel | Kunst og handverk  | | Uteleik i Holerunane  | |
| 5 | 12.45-13.30 | | | | | |
| 6 | 13.45-14.30 | | | | | |

| LEKSER: | TIL TYSDAG: | TIL ONSDAG: | TIL TORSDAG: | TIL FREDAG: |
|---|---|---|---|---|
|  | | | | Ta gjerne med ei drikkeflaske som du kan ha på aktivitetsdagen. |

**Vekelekse:**
Hei foreldre/føresette! Denne veka ynskjer vi oss at ein vaksen les høgt for barnet i om lag 15 minutt kvar dag. Me arbeider med leseglede, så finn gjerne ei bok som handlar om noko de finn spennande eller kjekt 😊

| Norsk øveord: | Matematikk øveord: | English: |
|---|---|---|
| Klasse<br>Venn<br>Klassevenn<br>Trivsel<br>Leik | Lengde<br>Måleeining<br>Centimeter<br>Meter | Hello<br>How are you?<br>I am fine, thank you.<br>I am not fine, thank you. |


Siv Jane Tufte Mardal
siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no
Mobil: 95 08 99 43

Stine Mundal Aase
stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no
Mobil: 93 26 51 18

Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm: 57 65 26 13
Telefon SFO: 99 57 88 58

| | Dette arbeider me med denne veka |
|---|---|
| Norsk | Høgtlesing og munnleg kommunikasjon i leik og samspel |
| Matematikk | Areal og lengdemåling |
| Engelsk | Bruke høflegheitsuttrykk, repetisjon av ord, uttrykk og frasar, song |
| Kroppsøving | Orientering, leik og samspel i variert terreng |
| Tema | I veke 34 og 35 er det sosialveker på skulen. Det vert vektlagt sosiale aktivitetar, leik og mykje tid saman i klassen og med fadrane på 6.steg. |
| | |



## Meldingar til heimen

**Oppstart**

Vi har hatt ein fin oppstart med 2.steg. Det er lett å sjå at elevane er glade for å samlast att. Vi har lagt opp sosiale aktivitetar og leik både på steget og saman med andre klassesteg - både inne og ute. Elevane sjølve gir gode tilbakemeldingar om dei fyrste dagane. Det er bra! Vi har stor tru på at fokus på trivsel og sosiale aktivitetar på tvers er bra for både små og store ved skulen vår.

**Aktivitetsdag**

Fredag 1.september blir det aktivitetsdag for 1.-4.klasse. Møt med klede og sko som passar etter veret.

**Fråvær og beskjedar:**

Det er viktig at de registrerer eventuelle time- eller heildagsfråvær på Visma. Alle dagar må registrerast, sjølv om det er samanhengande fråvær. Ta kontakt med oss viss de ikkje får dette til. Andre meldingar, informasjon eller spørsmål kan og sendast på Visma til kontaktlærarar. Ein av oss er på skulen kvar dag. Både fråvær og beskjedar må koma før kl. 08.30 for å sikre at meldingane vert lest før vi reiser ut på relasjonsvakt.

**Anna informasjon:**

Leikanger barneskule tek til klokka 08.50 på morgonane. Måndagar, tysdagar, torsdagar og fredagar er skuletida slutt klokka 13.30, onsdagar sluttar me 12.45.

**Garderobe**

Det er fint om de fyller opp korger med klede og utstyr som passar årstida. NB! Hugs innesko 😊 Det er lurt å merke både klede og sko tydeleg med namn slik at elevane kjenner att utstyret sitt.

**Ynskjer dykk ei fin veke! 😊**
**Stine og Siv Jane**



Siv Jane Tufte Mardal
siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no
Mobil: 95 08 99 43

Stine Mundal Aase
stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no
Mobil: 93 26 51 18